



Saksbehandlar: Ingeborg Lysne McEvoy, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/6512-2

## **Avtale med NCE Tourism 2013-2016 - forlenging av eksisterande avtale**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjøre slikt vedtak:**

1. Avtala mellom fylkeskommunen og NCE Tourism Fjord Norge 2013-2016 vert forlenga ut 2016 i påvente av ny felles avtale mellom fylkeskommunane på Vestlandet og NCE Tourism Fjord Norge

#### Vedlegg:

Kontrakt mellom fylkeskommunen og NCE Tourism Fjord Norge

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

NCE Tourism (NCET) vart etablert som eit Norwegian Center of Expertise (NCE) i 2009 og er eit klyngetuviklingsprosjekt for bedrifter og relaterte institusjonar for reiselivsnæringa på Vestlandet; Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Utgangspunktet var samarbeidet gjennom Fjord Norge AS, som var skipa i 1993. Fjord Norge AS har som hovudoppgåve å drive internasjonal marknadsføring på vegne av landsdelen. NCET bygger på arenaprosjektet «Innovativ Fjordturisme» (2007-2009) der det vart identifisert trong for strategisk kopling mellom produktutvikling og marknadskommunikasjon.

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjekk i 2009 inn ein avtale med Fjord Norge AS om økonomisk bidrag i første kontraktperiode i NCET fram til 2013. Avtalen inneheldt og ein intensjon om å halde fram samarbeidet utover programperioden om NCET fekk halde fram i NCE-programmet. Hovudutvalet for plan og næring har i første kontraktperiode løyvd midlar til NCET fram til og med 2012 med 350.000 kr per år.

Fylkeskommunen inngjekk også avtale med NCE Tourism Fjord Norge i 2012 for andre kontraktsperiode. Avtala vart handsama 28.05.2013 i Hovudutvalet for plan og næring i sak 37/13. Den vart vidare handsama av Fylkesutvalet 05.06.2013 i sak 41/13 og endeleg handsama i Fylkestinget 11.06.2013 i sak 16/13. Avtala gjaldt frå 01.04.2013-31.01.2016.

Sogn og Fjordane har felles avtale mellom fylkeskommunane på Vestlandet og Fjord Norge AS, avtala vart vedteke i sak 70/16 i hovudutvalet sitt møte 21.06.2016. Vi er i gang med å utarbeide ein felles avtale for fylkeskommunane og NCE Fjord Norge då både vi og NCE Tourism ser at dette vil vere gunstigare enn å sitte med kvar sin avtale. Fylkesdirektøren ber om fullmakt

til å forlenga eksisterande avtale med NCE Tourism Fjord Norge ut 2016 i påvente av ny avtale for 3. kontraktsperiode. Ei fullmakt til å forlenga avtala ut 2016 er naudsynt for å kunne betale ut tilskotet på 350 000 kr. for 2016. Desse midlane er sett av i budsjettet for tenesteområdet reiseliv.

NCET er eit av to NCE-prosjekt fylkeskommunen er direkte eller indirekte deltakar i.

## **2. Konklusjon**

Fylkesdirektøren ber om at avtala mellom fylkeskommunen og NCE Tourism Fjord Norge 2013-2016 vert forlenga ut til 31.12.2016 i påvente av ny felles avtale mellom fylkeskommunane og NCE Tourism Fjord Norge frå 2017.